

Fra: Egil Eide[egil.eide@kvinnherad.kommune.no]
Sendt: 02.03.2017 18:07:29
Til: Post[post@kvinnherad.kommune.no]
Kopi: 'roaldhaug@yaho.no'[roaldhaug@yaho.no]; Sigbjørn Atle Josdal
[atle.josdal@kvinnherad.kommune.no];
Tittel: VS: Plassering av brannhydrantar

Hei

Kan de leggja denne inn i ePhorte med restanse på Atle Josdal? (veit ikkje kva saksnummeret er i denne saka)

Det er Atle som må uttala seg, då dette VA anlegget ikkje skal overtakast av kommunen.

Med helsing

Egil Eide | *Einingsleiar Vatn og Avløp*

Mobil: +47 993 56 126 | Tlf: 53 48 31 00

www.kvinnherad.kommune.no | 



Tenk miljø før du skriv ut!

Fra: roald haug [mailto:roaldhaug@yahoo.no]
Sendt: 1. mars 2017 11:49
Til: Egil Eide
Emne: Plassering av brannhydrantar

Hei.

Plassering av brannhydrantar

Brannhydrantane er på kartet plassert i hyttefeltet etter forskriftene. Men det er ikkje teke hensyn til vasstrykket.

Vatnet til hyttefeltet får vi levert frå Marine Harvest sitt oppdrettsanlegg på andre sida av Øyerhamns-vågen. Marine Harvest hentar vatnet frå Øyerhamnsvatnet som er regulert til 53 moh. Når oppdrettsanlegget går med full belastning har dei eit vassforbruk på 24 m³/min. Dette høge vassforbruket fører til eit vasstrykk på 3.0 kilo ved 2 moh.

Eg har hatt kontakt med Torgils Våge som var varabranskjef i Kvinnherad Komunne før han vart pensjonist. Han ønskjer vasstrykk på 3 til 4 kg på brannhydranten (slik at brannvesenet får trykk nok i tilfelle brann), og meiner derfor at det vil vera betre å plassera brannhydranten nede i Monsavika der brannpumpene kan laga det trykket dei trenger.

Me ønskjer ikkje å engasjera byggadministrasjon Harald Bjørndal meir i saka.

Mvh
Roald Øyerhamn